

Vaksdal/Modalen Skyttarlag

06.03.2023

Skjerjavegen 60

V/Trygve Mjelde

5729 Modalen

Modalen Kommune

Postboks 44 Mo3

5729 Modalen

SØKNAD OM TILSKOT FRÅ VILTFOND TIL OPPGRADERING AV SKYTEBANE

Vaksdal/Modalen Skyttarlag har i dag eit utandørs skyteanlegg i Litlevika på Eidsland der det er 100- og 200-meters bane. Dette var, den gong det vart bygd på 1990-talet, eit topp moderne skyteanlegg med elektroniske skiver, som har tjent skyttarlaget og medlemmane godt i alle år. Etter kvart har tida begynt å tære på det elektroniske anlegget. Dette er dyre komponenter og det som var topp moderne på 90-talet er i dag avleggs og kan ikkje erstattast. Ei oppgradering er difor heilt nødvending.

Me gjorde ei stor oppgradering i 2019 og 2022 som me fekk stønad til. Dette er me særstakksame for og det var heilt nødvending. I 2019 la me heilt nytt kabelsystem frå standplass både på 100meter og 200 meter og ut til skivene. Men skiveeinhetane var av same type som på 1990-talet som krev mykje vedlikehald. Dette krev deler som no både er vanskeleg å få tak og har høge kostnader. Dei gamle skivene begynne å verte ustabile og me har voren nøyd ti å stenge nokre av skivene på grunn av pålitelegheit. At skivene viser kvar ein faktisk skyt er heilt essensielt i forhold til oppskyting til jegerprøve for å hindre skadeskyting p.g.a. feilinnstille våpen.

På grunn av oppgradering av kabelsystemet me gjorde i 2019, kunne me i 2022, me stønad frå kommunen, gå til innkjøp av 2 nye skiver på 100meter. Dette er siste generasjon, er svært pålitelige og krev nesten ikkje vedlikehald. Desse var ein stor suksess og fungerte over forventing. På grunn av det nye kabelsystemet var det enkelt å sette opp og dette var noko me fekk til sjølve på dugnad.

Me søker difor denne gongen om tilskot til å kjøpe inn 4 nye skiver av same type som me kjøpte i 2022. Då vil me setta 2 av desse på 100 meter og 2 av dei på 200 meter. Skivene på 200 meter har me ikkje kunna nytta dei siste åra på grunn av pålitelegheit, men kabelsystemet ligg klart her so det er berre å kobla til dei nye skivene.

4 nye skiver har ein totalkostnad på kroner 274 913,-. Me søker Modalen Kommune om tilskot på kroner 100 000,-. Me søker Vaksdal Kommune om same beløp. Resten av summen vil skyttarlaget dekke sjølv i tillegg til arbeid med henting av skiver i Åndalsnes og montering av skivene på skytebane

For Vaksdal/Modalen Skyttarlag

Trygve Mjelde